Solund
kommune

KONKURRANSEGRUNNLAG

For anskaffelse av

Utbetring vegparti i Klubben bustadfelt

Utlysing av konkurranse etter FOA Del I og II

Totalentreprise

Innhald

1 SKILDRING 1

1.1 OM ANSKAFFELSEN 1
1.2 OM OPPDRAGSGIVAR 1
1.3 ATTERHALD OM LØYVINGAR ELLER FINANSIERING 1

2 REGLAR OM GJENNOMFØRING AV KONKURRANSE 1

2.1 ANSKAFFINGSPROSEDYRE 1
2.2 KONKURRANSEREGLAR 1
2.3 KUNNGJERING 2
2.4 TILBODSOPNING 2

3 GRUNNLAG FOR TILBODET 2

3.1 SPØRSMÅL OG SVAR TIL KONKURRANSEGRUNNLAGET 2
3.2 TIDSFRISTAR FOR KONKURRANSEGJENNOMFØRING 3

4 KRAV TIL TILBODET 3

4.1 TILBODETS INNHALD 3
A. AVVIK OG ATTERHALD 3
B. ALTERNATIVE TILBOD 3
C. DELTILBOD 3
4.2 OFFENTLEGHEIT OG TEIEPLIKT 3
4.3 LEVERING AV TILBODET 4
A. LEVERINGSADRESSE 4
B. INNPAKNING, FORMAT OG KOPIER 4

5 ADMINISTRATIVE RUTINAR 4

5.1 FAKTURERING 4
5.2 INDEKSREGULERING 4
5.3 RAPPORTERING 4
5.4 ENTREPRENØR SI SIKKERHEITSSTILLELSE 4

6 KVALIFIKASJONSKRAV 5

6.1 OM KVALIFIKASJONSKRAVA 5
6.2 SKATTEATTEST 5
6.3 KRAV TIL ØKONOMISK OG FINANSIELL STILLING 5
6.4 DEI TEKNISKE OG FAGLEGE KVALIFIKASJONANE TIL LEVERANDØREN 6

7 TILDELINGSKRITERIUM 6

7.1 EVALUERING AV KRITERIET PRIS 70% 7
7.2 EVALUERING AV KRITERIET MILJØ 30% 7

1 SKILDRING

1.1 *Om anskaffelsen*

Denne anskaffelsen er en totalentreprise NS8407.

1.2 *Om oppdragsgivar*

Oppdragsgjevar er for denne anskaffelsen er Solund kommune.
Solund er en kommune i distriktet Ytre Sogn i Vestland fylke, med administrasjonssenter i Hardbakke.
Kommunen består av ei rekke øygrupper, lokalisert ytterst i Sognefjorden, som grensar til Nordsjøen.

Solund kommune
Hardbakke 26
6924 Hardbakke

1.3 *Atterhald om løyvingar eller finansiering*

Utifrå politiske løyvingar og budsjett tek Solund kommune atterhald om å kunne avlyse konkurransen.

2 REGLAR OM GJENNOMFØRING AV KONKURRANSE

2.1 *Anskaffingsprosedyre*

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I.

2.2 *Konkurransereglar*

Oppdragsgivar planlegg å gjennomføre konkurransen utan forhandling men tek atterhald at forhandlingar kan gjennomførast dersom oppdragsgjevar vurderer det som føremålstenleg. Forhandlingane vil kunne gjelde samtlege høve ved tilbodet. Utveljinga av kven kommunen ønskjer å gå i forhandlingar med, vil bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Utgongspunktet for dette anbodet er at ein vil gå i forhandlingar med maksimalt tre leverandørar.

Forhandlingar vert ikkje gjennomførte dersom oppdragsgivar, etter at tilboda er mottatte, vurderer at forhandlingar ikkje er føremålstenlege. Dialog i form av rettingar/avklaringar vert gjennomførte ved behov.

Tilbydar vert på det sterkaste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som er gjevne i konkurransegrunnlaget, med tilhøyrande vedlegg, samt eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt per e-post til kontaktperson.

Oppdragsgivar tek atterhald om at det kan bli halt loddtrekning over kven den vinnande tilbydaren vert om dei beste tilboda skulle vere likestilte. Med likestilte tilbod meiner oppdragsgivar her tilbod som får like mykje utteljing på poeng under evaluering, og ikkje tydeleg skiljast med ein klar og udiskutabel vinnar av konkurransen.

2.3 *Kunngjering*

Konkurransen vert kunngjort i Mercell og Doffin.

2.4 *Tilbodsopning*

Tilbodsopning vil skje etter tilbodsfrist.

Det vil bli ført tilbodsprotokoll og tilbodsopningsprotokoll som vil bli utsendt til tilbydararar av konkurransen etter at Solund kommune har valt leverandør.

3 GRUNNLAG FOR TILBODET

3.1 *Spørsmål og svar til konkurransegrunnlaget*

Oppdragsgjevar sin kontaktperson er:

Namn:	Kjartan Nyhammar
e-post	Kjartan.nyhammar@solund.kommune.no

Eventuelle spørsmål skal rettast skriftleg til kontaktpersonen.

Spørsmål og svar til konkurransen vil bli svart ut til alle inviterte tilbydarar.

3.2 *Tidsfristar for konkurransegjennomføring*

Det vert gjort merksam på at tidspunkta etter tilbodsfrist er førebelse og kan bli justerte. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen for tilbodet kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

Tabell 1: Tidsfristar

Aktivitet	Dato	Tidspunkt
Kunngjering av konkurranse	14.08.2026	
Felles synfaring	27.08.2026	11:00
Frist for å stille spørsmål til konkurransen	04.09.2026	12:00
Tilbodsfrist	**13.09.2026**	**23:30**
Tilbodsopning	13.09.2026	23:30
Evaluering + evt. Forhandlingar	Veke 38-39	
Val av leverandør	Veke 39	
Kontraktsinngåing	05.10.2026	
Vedståingsfrist for tilbodet	3 mnd. etter tilbodsfrist	

4 KRAV TIL TILBODET

4.1 *Tilbodets innhald*

a. Avvik og atterhald

Atterhald presiserast i vedlegg 4 «Tilbydars avvik».

Solund kommune gjer merksam på tilbod som inneheld vesentlege avvik frå tilbodsdokumenta vil bli avvist.

b. Alternative tilbod

Det er ikkje lov å levere alternative tilbod

c. Deltilbod

Leverandøren kan ikkje levere tilbod på delar av oppdraget. Innlevert tilbod skal dekke heile kontraktens omfang.

4.2 *Offentlegheit og teieplikt*

For ålmenta sitt innsyn i dokument knytte til ei offentleg anskaffing, gjeld offentleglova. Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller

kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

4.3 *Levering av tilbodet*

a. Leveringsadresse

Tilbodet skal leverast i det digitale konkurranseverktøyet Mercell.

b. Innpakning, format og kopier

Det er ønskja at tilbodet utformast i samsvar med disposisjonen som føl av dette konkurransegrunnlaget. Tilbydar er sjølv ansvarleg for at samtlege spørsmål, krav og relevante punkt vert avklarte, opplyste og dokumenterte i tilbodet.

Tilbodet kan utformast etter denne disposisjonen:

- Signert og utfylt tilbodsbrev. (Ligg vedlagt.)
- Skildring av tilbydar sine inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra.
- Eventuelt andre kvalifikasjonskrav
- Løysingsspesifikasjonen til leverandøren. Leverandøren sitt svar på kravspesifikasjonen til oppdragsgjevar med etterspurd dokumentasjon
- Utfylt prisvedlegg

5 Administrative rutinar

5.1 *Fakturering*

30 dagar betalingsfrist.
På faktura skal det komme tydeleg fram kva del av arbeidet faktura gjeld. Fakturaen må følge aktivitetsstrukturen i framdriftsplanen der aktivitetar er sporbare i fakturaen. Sluttfaktura skal liggje føre maksimum 1 månad etter overtaking.

5.2 *Indeksregulering*

Kontraktssummen skal ikkje indeksregulerast

5.3 *Rapportering*

Godkjent sluttdokumentasjon skal liggje føre før overtakingsforretning vert utført og før sluttoppgjer vert utbetalt.

5.4 *Entreprenør si sikkerheitsstillelse*

Jamfør NS 8407 punkt 7.2. Entreprenør skal stille sikkerheit. Skal føreligge ved avtaleinngåing. Oppdragsgjevar stiller ikkje sikkerheit.

6 KVALIFIKASJONSKRAV

6.1 *Om kvalifikasjonskrava*

Kvalifikasjonskrava er absolutte krav og skal innfriast. Manglande oppfylling av kvalifikasjonskrav vil medføre avvising av tilbod jf. FOA§24-2

Resten av kapittel 5 skildrar dei ulike kvalifikasjonskrava/minimumskrava for denne konkurransen, og korleis tilbydar skal dokumentere oppfylling av desse krava.

6.2 *Skatteattest*

Krav	Dokumentasjonskrav
Norske leverandørar skal ha ordna forhold med omsyn til betaling av skatt, arbeidsavgift og meirverdiavgift.	• Skatteattest, ikkje eldre enn 6 md.

6.3 *Krav til økonomisk og finansiell stilling*

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha god økonomisk og finansiell kapasitet relatert til størrelsen på og risikoen i den aktuelle kontrakten. Betalingserfaringa må være tilfredsstillande.	• Kredittvurdering frå et anerkjent kredittvurderingsselskap basert på siste rekneskapstal. Nøkkeltala i rekneskapen må framgå saman med en vurdering av leverandørens betalingserfaring. • Erklæring om verksemdas omsetning de siste tre regnskapsårene

6.4 *Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren*

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha erfaring frå oppdrag som kan samanliknast.	Skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 5 åra. Skildringa må inkludere opplysning om verdi, tidspunkt og mottakar (namn, telefon og e-post) av oppdraget. Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.

7 TILDELINGSKRITERIUM

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva for eit tilbod som har den lågaste prisen.

Vurderingstema:	Dokumentasjon:
Pris, 70% Her vurderast: - Tilbodspris som omfattar vederlaget, opsjonar, rekningsarbeid og påslagsprosentar	• Ferdig utfylt prisskjema
Miljø, 30% Her vurderast: - Miljø- og klimaplan - Bil- og maskinpark	• Miljø- og klimaplan på maks 800 ord. Skildringa skal dekke tiltak og plan for reduksjon av utslepp frå maskinar, gjenbruk av massar, avfallshandtering, gjenvinning og andre miljøtiltak • Teknisk dokumentasjon av bil- og maskinpark.

7.1 *Evaluering av kriteriet pris 70%*

Lågaste evaluerte pris tildelast 10 poeng. Ørvige tilbod gis poeng etter formelen:
Poeng = (Lågaste pris / tilbydt pris) × 10

7.2 *Evaluering av kriteriet miljø 30%*

Miljø- og klimaplan
Tilbodet med den beste miljø- og klimaplanen blir tildelt 10 poeng. Øvrige tilbod blir vurderte relativt ut frå dokumentert kvalitet og forventa miljøeffekt.
Følgjande forhold vil bli vurderte:

- tiltak for å redusere utslepp frå maskiner og utstyr
- plan for å redusere transport og transportomfang
- gjenbruk og lokal disponering av massar
- tiltak for å redusere tomgangskøyring
- avfallshandtering og materialgjenvinning
- dokumenterte tiltak for å redusere klimagassutslepp
- andre relevante miljøtiltak

Det blir lagt vekt på at tiltaka er konkrete, realistiske og dokumenterte.

Bil, maskinpark og drivstoff
Tilbodet med den mest miljøvennlege bil- og maskinparken blir tildelt 10 poeng.
Øvrige tilbod blir vurderte relativt ut frå dokumentert miljøprestasjon.
Det blir særleg lagt vekt på:

- andel elektriske køyretøy og maskiner
- bruk av fossilfritt drivstoff (til dømes HVO100 eller biogass)
- utsleppsklasse for lastebilar (Euro VI eller betre)
- utsleppsklasse for anleggsmaskiner (Stage V eller betre)
- dokumentasjon på planlagt bruk gjennom prosjektet